



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
81/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.08.2016
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Verpelstad	FA - U63	16/970

SALSLØYVE FOR PERIODEN 12.09.2016-31.10.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Eksingedalen Nærbutikk AS** vert innvilga. Løyvehavar er Eksingedalen Nærbutikk AS, org. nr. 981 118 049. Styrar for løyvet er Sukhjeet Bharj. Det vert gjeve fritak for stedfortredar.

Sals- og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgja gjeldane lovar, førsegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemda og einskildpersonar nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve lov og forskrift samt skatte- og avgiftsmessige- og regnskapsmessige tilhøve.

Saksopplysningar:

Løyvehavar har hatt løyve i klasse 1 fram til 300616. Ny søknad kom inn for seint til ordinær behandling i juni. Det er søkt om forlenging ut oktober.